



NAV HORDALAND  
Postboks 284  
5804 BERGEN

Dato: 08.05.2018  
Vår ref.: 2016/5124-3  
Saksbehandlar: johmeyer  
Dykkar ref.:

## **Melding om mogeleg "masseoppseiing" i Hordaland fylkeskommune, jf aml §15-2**

Hordaland fylkeskommune meldar gjennom dette brev at endringar i skuletilbodet til elevar i vidaregåande opplæring i år vil føre til ein overtalssituasjon som kan føre til oppseiingar av fleire enn 10 tilsette. Denne situasjonen utløysar fylkeskommunen sin varslingsplikt til NAV.

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune har gjort vedtak om avvikling av Hjeltnes vidaregåande skule og delar av Laksevåg vidaregåande skule, begge med verknad frå 1. august 2018. Det er også vedteke omlegging av programområdet restaurant- og matfag med konsentrasjon av tilbodet til færre skular enn tidlegare. På bakgrunn av endra søkjartal til dei andre tilboda ved dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen ser vi at dette og kan føre til noko overtal. Spesielt vil vi nemne fagområdet TIP – teknikk og industriell produksjon.

Hordaland fylkeskommune vil arbeide aktivt saman med dei tillitsvalte og bruke naudsynt tid med sikte på å finne løysingar for dei tilsette.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Geir Davidsen  
HR-direktør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Dei hovudtillitsvalte i Hordaland fylkeskommune